



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
64/2017	Kommunestyret	PS	16.10.2017
69/2017	Kommunestyret	PS	23.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 614, FA - A20	15/968

INNBYGGARFORSLAG OM PLASSERING AV NY SKULE PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt fram to alternative framlegg:

1. Vedtak i kommunestyret 03.04.17 om val av tomt til ny skule på Dale vert oppretthalde.
2. Val av tomt til ny skule på Dale vert tatt opp til ny behandling. Rådmann førebur ny sak.

Kommunestyret - Sak 64/2017

KOM - Behandling:

Boris Groth stilte spørsmål om open halvtime. Etter ei kort drøfting, sendte kommunestyret saka over til ombudsutvalet for å sjå på reglementet i punkt 7.1 om Open halvtime. Gjeld spesielt om innbyggjarar kan ta opp saker som står på sakslista i møtet.

Saka utsett til 23.10.2017

KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret - Sak 69/2017

KOM - Behandling:

Dei 2 alternativa vart sett opp mot kvarandre. Alternativ 2 fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall.

KOM - Vedtak:

Vedtak i kommunestyret 03.04.17 om val av tomt til ny skule på Dale vert oppretthalde.

Saksopplysningar:

Før formannskapet sitt møte måndag 2.oktober fekk ordførar overlevert underskrifter til støtte for at ny skule på Dale skal byggast på Sandliane og forslag om at saka vert tatt opp til ny behandling. Kommunen vil behandle saka som eit innbyggjarforslag etter kommunelova §39a.

Jf <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107>

Med innbyggjarforslag er det meint at innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke har rett til å setje ei sak på den politiske dagsorden i kommunen eller fylket (forslagsrett). Det er i lova sett visse minimumsvilkår for at det skal oppstå ei plikt for kommunestyret eller fylkestinget til å behandle forslaget:

1. Lova stiller krav om at minst 2 prosent av innbyggjarane eller minimum 300 står bak forslaget.
2. Kommunestyret skal ta stilling til forslaget seinast 6 månader etter at det er fremja, unntak i pågåande plansak. Initiativtakere skal informerast om vedtaket.
3. I same valperiode kan det ikkje fremjast forslag med a) same innhald som tidlegare forslag etter denne bestemmelsen, eller b) med same innhald som ei sak som er behandla av kommunestyret.
4. Forslag som blir nedstemt i kommunestyret kan ikkje påklagast med mindre dette følgjer av særlege reglar.

Om vilkåra for behandling av forslag ikkje er oppfylgde, står kommunestyret fritt til likevel å ta saka opp til behandling.

Vurdering av vilkåra for behandling

1. Underskriftene i denne saka er samla inn via nettsida underskrift.no og utlagde lister, i alt 330 namn. Nokre usikre/unøyaktige underskrifter og manglende informasjon om bustadadresse gjer det vanskeleg å verifisere talet på underskrifter nøyaktig, men det er tilstrekkeleg tal underskrifter etter kravet om 2 prosent av innbyggjarane. Vilkår i pkt 1 er dermed innfridd.
2. Ordførar har satt opp saka til behandling i første kommunestyremøte og kravet til sakshandsamingstid er dermed innfridd, jf pkt 2. Forslagstillar har fått informasjon om dette.
3. Tilsvarande innbyggjarforslag om ny skule har ikkje vore behandla i denne valperioden. Derimot behandla kommunestyret val av tomt for ny skule på Dale i møte 3. april 2017, sak 25/2017, der alternativet på Sandliane vart nedstemt.
http://innsyn.sing.no/Vaksdal/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2017002546&

Innbyggjarforlaget ønskjer ny behandling av tomtevalet i kommunestyret.

Det kan vera grunnlag for å avvise behandling av innbyggjarforlaget grunna manglende oppfylgging av vilkår i §39a pkt 3. I Overå og Bernt sine kommentarer til kommunelova heiter det «ved denne vurderingen vil det måtte legges avgjørende vekt på om innbyggerinitiativet introduserer forslag som avviker i vesentlig grad frå det som uttrykkelig eller underforstått har vært fremme ved den tidlige saksbehandlingen, med andre ord om det bringer noe nytt inn i saken sammenlignet med hvordan den sto da». I rettleiar frå KMD om innbyggjarforslag (7/2015) er det tilsvarende vurderinger av uttrykket «same innhald».

Der det er tvil om vilkåra i lova er oppfylte, må kommunestyret ta stilling til om saka skal behandlast. Rettleiaren oppmodar til ei «liberal tolking» der formålet med lova vert vektlagt.

Vurdering

Ordinga med innbyggjarforslag er meint å skulle fange opp det saksorienterte engasjementet lokalt og er først og fremst eit middel til å ta opp nye saker. På denne måten blir innbyggjarane sitt engasjement betre synleggjort og kanalisert inn i det politiske systemet.

Lokalt engasjement og innbyggjarforslag er grunnleggande positivt og viktig i eit demokratisk system. Med det som utgangspunkt kan det etter rådmann sin vurdering vera grunnlag for å behandle forslaget sjølv om det ikkje har kome fram noko nytt i saka sidan kommunestyret behandla tomtevalet for ny skule i april.

Rådmann legg fram to alternative framlegg til vedtak:

1. Vedtak i kommunestyret 03.04.17 om val av tomt til ny skule på Dale vert oppretthalde.
2. Val av tomt til ny skule vert tatt opp til ny behandling. Rådmann førebur ny sak.